16/123	27.10.2016	Fremlegg av vedtak fra Åmli kontrollutvalg til Kommunestyre - Oppfølging - Forhold knyttet til Åmli Frivillighetssentral	RÅD		X
16/124	27.10.2016	Melding til kommunestyret	RÅD		X
16/125	27.10.2016	Forespurnad/interpellasjon	RÅD		X
16/126	27.10.2016	Spørsmål og svar	RÅD		X
16/127	24.11.2016	Godkjenning av protokoll fra forrige møte	RÅD		X
16/128	24.11.2016	Orientering	RÅD		X
16/129	24.11.2016	Referatsaker	RÅD		X
16/130	24.11.2016	Delegerete vedtak	RÅD		X
16/131	24.11.2016	Lederavtale for rådmannen i Åmli kommune	ORD		X
16/132	24.11.2016	Alternative modeller til femdagers skoleuke for alle elever	OPPV		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
16/133	24.11.2016	Videreføring av koordinator ehelse og velferdsteknologi i Østre Agder fra september 2017	HEVE		X
16/134	24.11.2016	Samarbeidsavtale Østre Agder Kommunal Øyeblikkelig Hjelp	HEVE		X
16/135	24.11.2016	Forslag fra representantskapet i IATA om at kommunene selv overtar faktureringen.	STAB		X
16/136	24.11.2016	Høringsuttalelse-Effektivisering av geografiske driftsenheter, tjenesteenheter og tjenestesteder-Agder politidistrikt	RÅD		X
16/137	24.11.2016	Reduksjon av antall valgkretser i Åmli kommune	STAB		X
16/138	24.11.2016	Innføring av elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen i Åmli kommune	STAB		X
16/139	24.11.2016	Møteplan for politiske møter i 2017	STAB		X
16/140	24.11.2016	Dølemokroken Pub - alminnelig skjenkebevilling	STAB		X
16/141	24.11.2016	Waldemars Børs - alminnelig skjenkebevilling	STAB		X
16/142	24.11.2016	Melding til kommunestyret	RÅD		X
16/143	24.11.2016	Spørsmål og svar	RÅD		X
16/144	15.12.2016	Godkjenning av protokoll fra forrige møte	RÅD		X
16/145	15.12.2016	Referatsaker	RÅD		X
16/146	15.12.2016	Delegerete vedtak	RÅD		X
16/147	15.12.2016	Søknad om mellombels fritak for buplikt på gnr. 13 bnr. 1 - Yngve Ramse Trædal.	SAMF		X
16/148	15.12.2016	Spelemidler 2017 - prioritering fra Åmli kommune	SAMF		X
16/149	15.12.2016	Rullering av handlingsprogram i plan for idrett og fysisk aktivitet 2016	SAMF		X
16/150	15.12.2016	Lønnspolitiske retningslinjer for Åmli kommune	STAB		X
16/151	15.12.2016	Plan for selskapskontroll 2016-2019 - kontrollutvalet	STAB		X
16/152	15.12.2016	Oppnevning av politiske representanter til deltagelse i evaluering av Plan for utvikling av bedre folkehelse og levekår i Åmli kommune	STAB		X
16/153	15.12.2016	Plan for bosetting og integrering av flyktninger og innvandrere i Åmli kommune 2017-2021. Utvalgssammensetning og mandat.	OPPV	X	
16/154	15.12.2016	Kommunens framtidige forpliktelser vedr. frivillighetssentralen	HARE		X
16/155	15.12.2016	Varslingssystem Åmli skule	OPPV	X	
16/156	15.12.2016	Reduksjon av institusjonsplasser - Helse og velferd	HEVE	X	
16/157	15.12.2016	Utvida kostnadsramme for nye omsorgsbustader.	HEVE	X	
16/158	15.12.2016	Gebyr for renovasjon 2017.	SAMF		X
16/159	15.12.2016	Gebyr for feiertjenesten 2017.	SAMF		X
16/160	15.12.2016	Gebyr for vann og avløp 2017.	SAMF		X
16/161	15.12.2016	Gebyrregulativ for byggesaksbehandling mv for 2017.	SAMF		X
16/162	15.12.2016	Rehabilitering ventilasjonsanlegg Åmli Renseanlegg.	SAMF	X	
16/163	15.12.2016	Ny hovedvannsledning Børtinghus. Åmli sentrum.	SAMF	X	
16/164	15.12.2016	Nytt høydebasseng Børtinghus. Åmli sentrum.	SAMF	X	
16/165	15.12.2016	Permanent draktutstilling på Elvarheim museum	SAMF	X	
16/166	15.12.2016	Sykkelveg mellom Åmli og Treungen	SAMF	X	
16/167	15.12.2016	Fastsetting av skatteprosent på inntekt og formue for 2017	STAB		X
16/168	15.12.2016	Eigedomsskatt i Åmli kommune for skatteåret 2017	STAB		X
16/169	15.12.2016	Handlingsprogram og økonomiplan 2017-2020 - årsbudsjett 2017	STAB		X
16/170	15.12.2016	Spørsmål og svar	RÅD		X

1.4.6 TILTAKSOVERSIKT MED STATUS

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
Rådmannens stab			
1	IKT investeringer Åmli kommune		X
2	Dagmøter for kommunestyret		X
3	Strukturelle endringer		X
K	Auka ressurs ordførar/varaordførar		X
K	Auka tilskot Åmli fellesråd		X
Enhet for oppvekst			
4	Styrking av barnehage iht oppl.ova §5.7		X
9	Stenge SFO i Åmli i feriane		X
10	Reduksjon av fagarbeider med 55 % stilling		X
K	Flytting av stilling		X
K	Lik opningstid Åmli og Dølemo SFO og barnehage		X
Enhet for helse og velferd			
14	Velferdsteknologi prøveprosjekt		X
Enhet for habilitering og ressurs			
15	NAV midlertidig stilling 6 mnd		X
16	Ny bruker Timmerodden I		X
17	3 VTA plassar Proflex AS		X
18	Ny bruker II		X
19	Opphøyr refusjon fylkeskommunen vgs		X
Enhet for samfunn			
20	Trykkekostnader bygdebok	X	
21	Meirope bibliotek		X
23	Ombygging "Toppen" Brannstasjon, Teknisk	X	
24	Timmerodden bustader	X	
25	Kulturhus/sandvolleyballhall		X
30	Liten lastebil til park og veg		X
32	Utleigebustad flyktninger	X	
33	Rehabilitering svømmehall		X
37	Radon saneringstiltak	X	
38	Konsesjonskraftinntekter		X
40	Gebyr Byggesak		X
41	Turisttavler med nappekart og brosjyre		X
42	Auka gebyr vann og avløp		X
K	Auka tilskot til lag og organisasjoner		X
Åmli fellesråd			
	Ingen		

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
Skatt, overføringer, renter og avdrag			
48	Investeringskomp R 97		X
49	Kompensasjonstilskot Husbanken		X
50	Renter og avdrag på lån		X
51	IKT investeringer østregionen		X
52	Realvekst rammetilskot		X
53	Fakturagebyr		X
54	Avsett fond		X
55	Bruk av fond		X
K	Avsett fond		X
K	Bruk av fond		X

1.5 Rådmannens stab

1.5.1 ORGANISERING

Tenesteområdet omfattar dei sentrale støtte- og stabsfunksjonane.

Dette omfattar mellom anna politisk sekretariat, valarbeid, informasjons- og arkivteneste, heimeside, facebook og ansattportal, økonomiforvaltning, personaladministrasjon, overordna HMSK/internkontroll og beredskapsarbeid, IKT, sal- og skjenkesaker etter alkohollova og saker etter serveringslova m.m.

Folkehelsekoordinator og prosjektleiar for tidlig innsats og trygg oppvekst er også organisert i rådmannens stab.

1.5.2 OVERORDNA MÅL

Rådmannen sin stab skal på overordna nivå bidra til at einingene når sine mål i høve til økonomistyring og koordinering, personalpolitikk, HMSK og beredskapsarbeid og mellom anna at kommunen har på plass system i høve til arkivlova. Elles at kommunen følgjer opp krav i lov og forskrift på dei same områda.

Overordna mål er ivaretatt i 2016.

1.5.3 FOKUSOMRÅDE

Fokusområda lista opp under er ivaretatt i 2016. Sjå også kommentarar under dei einskilde punkt.

I høve til punktet om revisjon av reglement og retningslinjer innanfor personalområdet vil det bli enda meir fokus på dette arbeidet i 2017.

Viktige fokusområde i 2016 har vore:

- Nærvær/sjukefråversoppfølgjing
- Prosjekt i høve til «Trygg oppvekst og tidleg innsats»
- Ungdataundersøkinga
- Opplæring i HMSK og avvikshåndtering (QM+)
- Sommarjobb for skuleungdom

Desse 5 fokusområda som er nemnt ovanfor er kommentert i kapitel om «Kommunen som verksemد» då dette er fokusområde som gjeld heile eller ein større del av kommunen.

- Koordinering av overordna økonomioppgåver som rekneskapsavslutning, budsjettprosessen (årsbudsjett og økonomiplan) og budsjettregulering.

Dette er viktig og store prosessar for å sikre at Åmli kommune har god økonomistyring. Arbeidet koordinerast av økonomisjefen

- Koordinere og gjennomføre årlege lønsforhandlinger og drøftingar/forhandlingar innan personalområdet med unntak av leiarforhandlingar (HTA kap. 3)
Koordinerast av leiar for rådmannens stab og rådmann
- Ros analyser i alle einingar.
HMSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Det er framleis nokon einingar som ikkje har gjennomført dette.
- Nye beredskapsplanar i alle einingane etter omorganisering. HMSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Dette er på plass i nesten alle einingane.
- Ajourføre og lage nye reglement og retningsliner innanfor personalområdet
Nye lønnspolitiske retningslinjer er vedteke i 2016 og velferdsreglement er revidert
- Ny bevillingsperiode for sal og skjenking av alkohol. Sak og vedtak i 2016 for 4 årsperioden 2016-2019
- Digitaliseringsstrategi i regi av DDØ. Her har fleire tilsette i rådmannens stab vore med i prosjektgrupper og levert viktige bidrag til arbeidet med ny digitaliseringsstrategi
- Utarbeide oversikter på kommunen sine helseutfordringar
Kommunen skal ha «oversikt over helsetilstanden i befolkningen og faktorer som kan virke positivt og negativt på denne», jf. Folkehelselova § 5.
Arbeid med å lage ny overordna plan for folkehelse og levekår er starta opp og sluttførast i 2017
- Plan for helsemessig og sosial beredskap er utarbeida og vedteke i 2016
Denne blei utarbeida og vedteke i kom.styret i juni 2016. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn i september. Det var ingen avvik og bare ein merknad og som er retta opp i ettertid.

1.5.4 ØKONOMI

Driftsbudsjett for rådmannen sin stab blei vedteke med ei ramme på totalt 18.977.433,- kr.

Totalt er det eit mindreforbruk på 886.849,-.

1.6 Samfunn

1.6.1 ORGANISERING

Samfunn er i hovudsak organisert i team. Reinhaldsteamet, Drifts- og vedlikehaldsteamet, Ingeniørteamet og Rådgjerteamet. Ingeniørteamet omfattar kart- og oppmåling, plan- og byggesak, senioringeniør tekniske fag og prosjektleder bygg. Rådgjerteamet består av kulturrådgjevar (inkl. kulturskolen), landbruksrådgjevarane og næringsrådgjevar. I tillegg ligg Biblioteket og Bygdebokforfattar til Samfunn.

1.6.2 FOKUSOMRÅDE 2016

Administrativt har fokus vore å få den nye eininga til å fungere som ei eining. Informasjonsflyten på tvers av teama har vore viktig og det blei testa ut fleire møtestrukturar før vi landa på den vi har ført vidare i 2017. Informasjonsflyten mellom dei ulike fagområda har blitt betre.

Planlegginga av et lean-prosjekt i Drifts- og vedlikehaldsteamet blei gjort hausten 2016. Målet for prosjektet er å forbetre arbeidsrutiner, fjerne plunder og heft og få til eit endå betre samarbeid i teamet og med tenestemottakarane. Grunnlaget blei lagt for prosjektet LettereEnklereArbeidsdag som vil bli gjennomført i 2017.

Eninga hadde nokre utfordrande byggesaker i 2016, der inhabilitet hos saksbehandlarane har vanskeleg gjort saksbehandlinga. I to saker er advokatar leigd inn og sakene blir vidareført i 2017.

I tillegg til å fokusere på å vere til stades, noko vi ser gode resultat av i 2017, har Reinhaldsteamet jobba med golvbehandling med maskin. Arbeidet blir meir effektivt og mindre belastande for reinhalarane. Arbeidet så langt har vore ein suksess.




For **Drifts- og vedlikehaldsteamet** har hovedfokus vore å gjennomføre dei tiltaka som blei vedtatt i budsjettet for 2016. Ombygginga av Toppen og flytting frå Engenes tok mykje tid i 2016. Ombygginga av Toppen blir vidareført i 2017.

Ingeniørteamet har i likhet med Drifts- og vedlikehaldsteamet jobba mykje med tiltaka i budsjettet.

Oppgradering av kommunen sine gatelys og radon-saneringstiltak blir vidareført i 2017.

Arbeidet med sandhallen, omsorgsbustadene, Negarden VVA og Jordøya var dei store prosjekta i 2016, i tillegg til at kartlegging av det kommunale ledningsnettet blei vidareført og jobba mykje med i 2016. Sandhallen blei avlyst av politikarane. Omsorgsbustadene har byggestart våren 2017. Delar av prosjektet på Jordøya er avslutta, medan tilrettelegginga for Biozin-prosjektet blir vidareført til 2017.

Kommunen sine 11 turistinformasjonstavler med nye kart og tilhøyrande informasjonsfolder blei revidert i 2016. **Rådgjerteamet** har i tillegg jobba med "Temaplan for strategisk næringsutvikling Åmli kommune" som blei vedtatt 27.10.16. Den blir presentert i en folder på 4 A5 sider med hovedmål, delmål, strategier og tiltak.



Jordøya med mogeleg etablering av Biozin har hatt høg prioritet i Rådgjerteamet og Samfunn dette året. Prosjektet blir vidareført i 2017.

Innan skogbruk låg Åmli på topp i fylket både på avvirkning og ungskogpleie. Nye digitale skogbruksplanar er eit nytig hjelpemiddel i ei aktiv forvaltning frå skogeigars side, og landbruksforvaltningas rolle er å stimulere til dette. Fornying av tenesta som utfører planleggingsoppdrag på landbruksvegar er på plass etter ein opplæringsperiode, og det ser svært lovande ut. I faghjelstenesta er ny person engasjert, og overgangen gjekk fint.

Det er godkjent 384 da nydyrkingsareal i Åmli i 2016. Det er godkjent 6 prosjekt der det ryddas gammalt kulturlandskap og 6 dreneringsprosjekt er godkjente.

Innovasjon Norge har løyvd midlar til eit nytt sauebruk, eit nytt ammekufjøs og eit nytt børktar-anlegg.

Kulturminneplan, Beverprosjekt, sommarutstillinga «Bokbygda Åmli», planlegging av Draktutstilling, oppstart av samarbeid med Setesdalsmuseet og innføring av ny rammeplan for kulturskulen har prega kulturarbeidet i 2016. Arbeidet blir vidareført i 2017.

Åmli bibliotek har jobba med tilrettelegging for små arrangement takka vere nasjonale midlar til utstyr og inventar. Inventar og utstyr har vore i bruk og fungerer.

Arbeidet med bind 6 av Bygdebøkene var godt i gang i 2016 og trykking blir seinsommar/tidleg haust 2017.

1.6.3 ØKONOMI

Samfunn hadde eit budsjett på 24 952 571,- i 2016. Resultatet viser eit positivt avvik på 1,26 %.

Budsjettet var ei vidareføring av drifta i 2015 med endringar som følge av omorganiseringa frå 01.01.2016.

Det vesle overskotet er eit resultat av strukturelle endringar og økonomisk styring med fokus på rapportering kvar månad frå tenesteområda. Nokre interne budsjettavvik er det, men ved å vere tett på har vi lykkast med å halde budsjettet.

1.7 Oppvekst

Oppveksteininga har oppgåver innan barnehage, skule, SFO, PP-tenesta, flyktingteneste, helsestasjon og skulehelseteneste, jordmorteneste og interkommunalt barnevern. I tillegg vert det arbeidd med fleire tilhøyrande prosjekt.



1.7.1 SKULEN

I 2016 har skulen revitalisert visjonen: "Ein god stad å være ein god stad å lære". Det har blitt arbeidd med synleggjering av visjonen og gitt denne ein breiare plass og djupare meinung i verksemda.

Gjennom året har skulen arbeidd med opplæringsplanen som rettesnor. Oppgåver og mål har blitt konkretisert i arbeidet.

I 2016 har tidlegare satsingsområde (Vurdering For Læring, ekstern vurdering, Økt Læringsutbytte, Ny Giv, Betre Læringsmiljø og Ungdomsstegsatsinga-Motivasjon Mestring Muligheter) blitt ein sterkare del av kulturen i arbeidet med å auke læringsutbytte og nå utviklingspotensialet til den einskilde elev gjennom meistring og anerkjenning. Skulen har gjennom året hatt hjelp frå eksterne kompetanse-miljø.

Elevundersøkelsen syner at arbeidet med "Betre Læringsmiljø" og arbeidet med felles handtering av mobbing og krenkjing har gitt gode resultat i 2016. Utfordringa blir å syte for at arbeidet blir av ein slik kvalitet at dei gode resultata blir stabile over tid. Det er ei målsetjing at noverande satsing på klasseleiing vil sikre kvaliteten i tida framover.



Læringsresultata svinger framleis. Skulen har hatt regning i alle fag og klasseleiing som satsingsområde. Satsinga syner gledeleg utvikling for gutane i grunnskolepoeng for 2016. Dette har kome som eit resultat av ein god opplæringsplan som og målretta arbeid med meir variasjon i undervisningskvardagen. Satsinga med klasseleiing vil utvikle læringskulturen og læringsmiljøet vidare.

Nytilsett rektor har i 2016 sett eit sterkt fokus på lag- og omdømmebygging. Det er sett fokus på involvering av elevar og alle tilsette. Oppfylgjing for lik handtering av interne rutinar og reglar er implementert. Arbeid med korleis ein kan gjere kvarandre gode skjer dagleg. Det er delingsarenaer for refleksjon av metodikk og tiltak forsking viser virker og som styrker lærarprofesjonen og læringsmiljøet.



1.7.2 SFO

Det har vore god søking til SFO i Åmli: Ei av hovudoppgåvene dette året var å styrke aktivitetstilbodet, grunna uføresette tilhøve har ikkje dette kome i mål. Det har vore drøftingar med Åmli bygdetun, Grânheia om meirbruk. Dette vil bli eit attraktivt og godt tilbod. Det har vore stor deltaking på kulturkarusellen, eit gratistilbod i regi av kulturskulen. Det har vore utfordring med å få tilsett personell på SFO på Dølemo. Barnehagen har teke imot SFO-barn kvar morgen, samt på onsdagar. Elles i veka er det fagarbeidarar som er "stasjonert" i Åmli som drifter SFO på Dølemo.



1.7.3 BARNEHAGE

Det var ved utgangen av 2016 14,3 stillingar i barnehagane. Av desse var det 1,0 styrarstilling fordelt på 40/60 mellom Dølemo og Beverborga, 5 pedagogstillingar fordelt (1 / 4) og 8,3 fordelt (2 / 6,3) fagarbeidar / assistentstilling.

I 2016 har Dølemo og Beverborga arbeidd med ulike tema kvar månad. Nokre tema har vore: Bli kjent, Venskap, Solidaritet og ulikskap, Eventyr, Jul, Hakkebakkeskogen, "Så rart" og Blomar og småkryp.

Det har blitt gjeve ut månadsbrev til heimen både på Dølemo og i Beverborga.

Beverborga hadde i 2016 fylt opp med 69 av 71 plassar. På Dølemo var det fylt opp med 20 av 34 plassar, men dette er fullt i forhold til pedagognorma. Det er 33 % fleirspråklege born. Dette er ein rikdom for barnehagemiljøet, men og ei utfordring språklig og kulturelt. Det har vore krevjande å få sett inn tilstrekkelege ressursar som sikrar god nok oppfylging. Det har blitt arbeidd med planar og tiltak for utbetring av uteområde, men dette har ein ikkje kome i mål med.



1.7.4 ÅMLI PP-TENESTE

PP-tenesta har vore bemanna med leiar / rådgjevar i ei heil stilling. Arbeidet består av mykje utgreiing av lærevanskar, sosiale- og emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar. Tenesta er sakkunnig instans, og skal gjere ei vurdering av retten til spesialundervisning i skulen samt spesialpedagogisk hjelp hjå born i barnehagen. Tenesta har i dag om lag 50 tilviste klientar. Dei er frå 0-18 år. Talet på barnehage- og skuleborn som får spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp held seg nokolunde stabilt.

I kommunen er det eit høgt fokus på å betre rutinane for tilvising av born til PP-tenesta, og å styrke bornas rettar hjå opplæringsloven og barnehageloven. Ein har teke inn eit nytt skjema for tilvising slik at ein får betre grunnlag for dei utgreiingar tenesta skal gjere. Vidare har ein arbeidd mykje med samanhengen mellom skulen og PPT sine ulike roller i arbeidet med

born med særskilte behov. PP-leiar har og vore oppteke av å innføre nye og meir målretta testar og kartleggingar av borna, slik at ein veit betre kva ein skal arbeide vidare med for og setje i verk dei rette tiltaka.



1.7.5 HELSESTASJONEN / JORDMORTENESTE

2016 har det vore 29 fødslar, som er mest ei dobling samanlikna med gjennomsnittet dei siste åra.

Åmli har i 2016 hatt redusert tilbud til gravide. Då det berre har vore 10 % jordmorteneste som fylgje av svangerskapspermisjon. Dette har ført til at noko oppfylging har blitt utført av helsesøster.

I 2016 vart det inngått avtale med ABUP Spe- og småbarnsteam som kjem til Åmli to gonger i halvåret og elles ved behov.

Helsesyster har utvida stillinga med 10 % som er knytt opp som koordinator for BTI (Betre tverrfagleg innsats).

Det er gledeleg å oppleve den aktivitetsauken det har vore i skulehelsetenesta og helsestasjonen for unge.

1.7.6 FLYKTNINGTENESTA

I 2016 vart det busett 14 flyktningar i kommunen. Dei fire siste familiene kjem frå Syria.

Staben er styrka med 50 % seniorrådgjevar på systemnivå: Det vart vedteke av kommunestyret å tilsetje ein tospråkleg assistent ut 2017. Tenesten har engasjert to-språkleg assistent frå sommaren 2016 i tråd med gjeldande behov for arabisktalande. Det vart laga plan for arbeid i skulen, barnehagen, SFO,

vaksenopplæringa og andre oppgåver i flyktingenesta.

Det vart frå sommaren engasjert ein arbeidsleiar til arbeid med språk og arbeidspraksis for dei sist komne flyktingane. Kommunestyret vedtok å opprette dette som ei to-årig stilling i 100 % ut 2018. Stillingane er dekt gjennom fondsmiddela. Stillinga som arbeidsleiar har vore viktig for å styrke arbeidet med god integrering og det har vore eit nært samarbeid med å løyse oppgåver for teknisk, samt inkludere NAV-klientar med aktivitetsplikt.

1.7.7 VAKSENOPPLÆRING FRAMANDSPRÅKLEGE

Vaksenopplæringa har i 2016 halde til på Åmli Vidaregåande Skule. Gjennom ein god samarbeidsavtale med den vidaregåande skulen har vi lokalitetar som i praksis har vore gratis for kommunen.

Vaksenopplæringa i Åmli har i 2016 hatt kurs i norsk og samfunnskunnskap for elever med rett og plikt til dette.

I 2016 var det 20 elever på vaksenopplæringa frå sju ulike nasjonar.

Det har vore tilsett 2,2 stillingar på vaksenopplæringa.

Vaksenopplæringa har hatt undervisning fem dagar i veka. Delar av gruppa har vore ute i norsk- og arbeidspraksis måndagar og tysdagar.

Vi har hatt to piloteringsprøver i 2016. Det vart gjennomført norskprøver i mai og november. Samfunnskunnskapsprøva vart gjennomført i mars og i desember. Begge gongene med seks kandidatar frå vaksenopplæringa. Det har vore kurs i samfunnskunnskap for elevar med nok norskkunnskap og for dei arabisktalande med omsettar.

Ungdomsarbeidar i 50 % har hatt halve stillinga si for ungdomen på den vidaregåande skulen. Delar av tida har vore til instruksjon på skulen. Elles så har oppgåvene vore fordelt i 2016 mellom: LAN, aktivitet for ungdom i hallen på kveldstid, drift av bygdekinoen, utleige av Oasen og Åmlihallen og sekretær for ungdomsrådet. Ungdomsarbeidar har også arbeidd opp mot ulike miljø for å marknadsføre aktivitetstilboda ved skulen for å betre søkeringa.



1.7.8 ØKONOMI

Det har vore god økonomikontroll gjennom heile året. Fyrste året i ny organisasjon kan vere utfordrande med god nok budsjettering. Vi har klart å budsjetttere godt i høve til forbruk totalt for eininga. Rekneskapen syner likevel at enkelte område er vanskelege og sjå føre seg nøyaktig, men botnlinja syner eit lite prosentvis overskot for eininga. Overskotet kjem av at vi m.a. har rigga systemet slik at vi har, gjennom søknader, har fått meir inntekter enn vi hadde sett.

Innan eininga må ein nemne at i barnehagen har det kome inn fleire born, budsjetteringa var noko knapp, og vi har mått tilsette fleire iht. norma. Dette har ført til eit underskot på 1,2 mill, dette har vore dekt inn gjennom andre budsjettpostar. Barnevernet har også blitt noko dyrare enn budsjettet.

Elles så har vi fått inn meir middel enn budsjettet på vaksenopplæring og det har vore god fokus på ei rasjonell drift i skule.

Vi har fått godt med prosjektmiddel og flyktingenesta har søkt og fått ekstra løvingar. Dette har ført til eit godt resultat.

1.8 Habilitering og ressurs

1.8.1 ORGANISERING

Habilitering og ressurs er organisert som ei eining bestående av tenesta for funksjonshemma, NAV kommunale tenestar, psykisk helseteneste/ rus, dagsenter og Åmli Frivillig sentral.

2016 har vært eit år der habilitering og ressurs har bruka interne og eksterne ressursar på ein god måte. Betre utnytting av interne ressursar for gode faglege resultat og eksterne ressursar for å styrke tenestane. Det jobbar vi progressivt vidare med i 2017.

1.8.2 TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA

(Timmerodden bufellesskap)

I 2016 ble det påbegynt utbygging av to nye bustadar i tilknytting til Timmerodden bufellesskap.

Det jobbas mot at nye tenestemottakarar skal flytte inn i dei nye bustadene som skal stå ferdige sommaren 2017.

Timmerodden er i utvikling og vi la til rette for aktivitetstilbod til fleire tenestemottakarar i løpet av 2016.

Avdelingen har eit godt samarbeid med habiliteringstenesta for vaksne. Det pågår kontinuerleg utviklingstiltak for å redusere utfordrande åtferd. Det har i 2016 vore ein nedgang i registrerte førekomstar av utfordrande åtferd frå 2015.

Det har i 2016 blitt inngått avtalar med ulike aktørar og bedrifter i kommunen for et bredt og godt aktivitetstilbod for tenestemottakarane på Timmerodden. Variasjon i tilbodet og meiningsfylte oppgåver har stått i fokus. Avdelinga har lukkast i å gi tenestemottakarane eit betre individuelt tilpassa tilbod i 2016.



Byggearbeid ved Timmerodden bufellesskap starta hausten 2016. Utbygger er Åmli bygg AS.

1.8.3 NAV KOMMUNALE TENESTAR

NAV Åmli ønskjer å fremme økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår og forebygge sosiale problem. NAV har fokus på barnefamiliar, flyktingar og ungdom.

NAV gje økonomisk rådgjeving for å forebygge/ løyse sosiale problem. I nokon tilfelle kan NAV tilby økonomistyring.

NAV har eit godt samarbeid med barnevern tenesta, flyktingtenesta, avdelinga for psykisk helse/ rus, frivillig sentral, kommunelege og helsesøster.

NAV har i 2016 hatt fokus på å ta nødvendige val for å kunne styrke tenestetilbodet. NAV reduserte opningstider på veileddningssenteret i mars 2016. Det ble gjennomført for å få betre tid til nødvendige timeavtaler, større forutsigbarheit i opningstider på veileddningssenteret og få betre struktur på arbeidskvardagen for dei tilsette. Dette har vi lukkas med, kontoret har til ei kvar tid holdt åpent veileddningssenter i tråd med nye åpningstider og det har blitt lettare å strukturere kvardagen for dei tilsette. I 2017 må det jobbast vidare med organisering av kontoret med bakgrunn i Meld. St.33 (2015-2016) NAV i en ny tid- for arbeid og aktivitet.

I 2016 samarbeida eining for oppvekst, eining for samfunn og eining for habilitering og ressurs. Det førte til at kommunestyret vedtok å opprette ei toårig stilling i 100 % ut 2018. Gjennom stillinga legg NAV til rette for lovpålagt aktivitet til dei mellom 18-30 år som har aktivitetsplikt etter § 20a i Lov om sosiale tjenester i NAV. NAV kan også tilby aktivitet til dei over 30 år dersom det er aktuelt i ein overgangsfase til jobb eller annan yting. NAV stiller vilkår om aktivitet etter § 20 i Lov om sosiale tjenester i NAV. Ingen skal motta passive ytelsjer dersom det ikke foreligger helsemessige årsaker til grunn for det. NAV har i 2016 lukkast i raskt å stille krav til aktivitet.

NAV Åmli ønskjer følgje utviklinga med å sjå på og ta i bruk elektroniske løysingar for å betre tenestane ytterligare i 2017.

1.8.4 PSYKISK HELSETENESTE/RUS

Tenesta er styrka med 50 % seniorrådgjevar. Det har ført til bedre utnytting av eksterne middlar.

Psykisk helseteneste/rus er låg terskel tilbod. Antall brukarar av tenesta auka i løpet av 2016. For å få til godt tverrfagleg samarbeid tar avdelinga ofte ei koordinerande rolle. Vi har hatt prosjektarbeid for å forebygge rusmiddelmisbruk. I 2016 fikk rusprosjektet ein dreiling mot nettverksjobbing. Avdelinga har jobba med å legge til rette for ulike typar aktivitetsgrupper. Avdelinga har prøvd ut ulike

gruppeaktivitatar for samhørighet og mestring. Nokon aktivitetar hadde så stor oppslutning at dei blei vidareført i 2017.

I forhold til andrelinjenestenesta opplever vi at ansvaret i kommunen stadig blir større, vanskeligare å få pasientar innlagt i kriser, og avdelinga må stabilisere folk, legge forholda til rette slik at andrelinjenestenesta kan utrede, så kommer de ofte fort tilbake til kommunen. Tidligare blei fleire i større grad behandla hos DPS.

Avdelinga lykkast med at mange har tillit til tenesta, tenesta er blitt meir synleg, meir med i samarbeidsfora, innad i kommunen og i forhold til Åmli vgs.

Det blir jobba med å vidareføre pågåande prosjekter og sjå etter nye prosjektmidlar for styrking av tenestetilbodet innan psykisk helseteneste/ rus i 2017. Det er signalisert at prosjektmidlar innan kommunalt rusarbeid skal trappast ned og komme inn i rammeoverføringane til kommunane. Ut frå eit aukande behov innan psykisk helseteneste/ rus er det viktig å ha fokus på ein styrking av tenesta i åra framover.

1.8.5 DAGSENTER

Dagsenteret ligg sentralt til i bygda og er eit samarbeid mellom einingane helse og velferd, oppvekst og habilitering og ressurs. Dagsenteret utgjer basen for dag tilbod inntil fem dagar i veka for psykisk utviklingshemma, psykiske helsetenester, aktivitet for demente og språkpraksisgrupper.

Gruppene på dagsenteret har tilpassa seg kvarandre i 2016. Fokus har vært god integrering og samhandling mellom ulike brukargrupper. Tilboden brukarane treng blir individuelt tilpassa når det er behov for det. Dagsenteret har blitt meire synleg gjennom markedsføring, salg og messer.

Det arbeidas i 2017 vidare med å finne gode brukertilpassa aktivitetar/ arbeidsoppgåver som gjer at brukerane føler mestring og får ein meiningsfull kvardag i felleskap med andre. Samarbeid på tvers av brukargrupper som har tilhald på dagsenteret er viktig for oppleveling av mestring og samhald.

1.8.6 ÅMLI FRIVILLIG SENTRAL

I 2016 har Åmli frivillig sentral hatt fokus på matutkjøring, mandagsmiddagar ved langbord og sosialt samvær, språkpraksis, kaffeslabberas annankvar onsdag, eldretreff med bingo, formidling av tenestar, kulturtimen på ÅPOS, kiosk tralle, følgjeteneste til blant anna sjukehus og tannlege, lyttevennprosjekt for elevane i 3 klasse på våren og 4 klasse på hausten i Åmli og på Dølemo, innsats for andre der 8de, 9de og 10de klasse gjer noko positivt for andre, aktiv deltaking på fargerike fest i Åmlihallen og internasjonalt laurdagstreff.

Vidare satsing for Åmli frivilligsentral i 2017 blir vidareutvikle tverrfaglig samarbeid med frivillige lag og organisasjoner og det offentlege, fortsette å lage møteplassar for alle, fortsatt vere ein samhandlingsarena for kulturelt mangfold, rekruttere nye frivillige, fortsette med besøkstenesta, fortsette tilboda til yngre aldersgrupper, fortsette samarbeidet i nettverket, bli betre til å informere om sentralen, få til fleire utflukter, fortsette samarbeidet med NAV og flyktningtenesta, oppdatere informasjon om sentralen via nettside og facebook.

1.8.7 ØKONOMI

Eining for Habilitering og ressurs har hatt god økonomikontroll gjennom heile året. Budsjettet etter ny organisering kan vere utfordrande. Eininga gjekk i 2016 totalt med eit overskott på kr. 2.452.330,-. Overskottet er i hovedsak noko høgt sjukefråvær i enkelte avdelingar, prosjektmiddel, fleksible arbeidstakrar då det er vanskeleg å rekruttere kvalifisert arbeidskraft og eit resultatet av feilrapportering på ressurskrevjande tenestar i 2015. Det har vore eit utfordrande år og det skal i 2017 jobbast vidare med kvalitet i tenestane for stabil, forutsigbar og effektiv drift saman med redusert sjukefråvær. Det har vore fokus på å søke prosjektmiddel i 2016, noko som har ført til større inntekter enn vi hadde sett.

Kombinasjonen av å disponere interne og eksterne ressursar på ein god måte gir økonomisk overskott, samtidig som man i fortsettelsen har fokus på fagleg utvikling og ytterligare styrking av behovsprøvd tenestetilbod til innbyggjarane i kommunen.

1.9 Helse og velferd

1.9.1 ORGANISERING

Helse og velferd består av legekontor, fysioterapeut, langtidsavdeling, skjerma avdeling, natteneste inne og kjøkken, vaskeri og reinhald. Samt heimebaserte tenester som heimesjukepleie, nattteneste ute, heimehjelp og ambulerande vaktmeister.

Administrativt har fokusområdet vore å få den nye eininga til å fungere saman. Få til gode treffpunkt og god informasjonsflyt.

Helse og velferd hadde i 2016 fokus på Velferds-teknologi. Det blei satt av midlar til innføring og innkjøp. Det blei satt opp trådlaust nettverk på ÅPOS slik at vi fekk dekning på heile huset. Dette er viktig ved innføring av ulike sensorar. Det blei i 2016 kjøpt inn og brukarar fekk prøve døralarm, fallsensor og GPS. Det blei installert alarm som dei tilsette kunne bruke i situasjonar der dei treng hjelp raskt, som går til den andre avdelinga på ÅPOS. Dørsensor, fallsensor og GPS er til bruk for både pasientar på institusjon og heimebuande. Dette har gitt pasientane og pårørande ein tryggare kvardag. Dei tilsette opplev at dei kan ta ansvar for heimebuande betre enn tidlegare. Vi utsette innlegging på institusjon med fleire månadar i nokre tilfelle.

1.9.2 LEGEKONTOR

Legekontoret har to fastleggar og ein turnuslege. Fastlegelistene har auka i 2016, i dag er det 1000 og 1200 på listene, tidligere var det 600 og 900.



Ei av oppgåve for kommuneoverlegen, som blei utført i 2016, var utarbeiding av helse og sosialberedskapsplan. Vi hadde tilsyn fra fylkesmannen, og tilbakemeldinga var at planen var bra.

Fokusområdet og målet for legekontoret har i 2016 har vore å ha ei stabil drift. Dette har vi til dels oppnådd. Pga. fråvær har vi strevd med å organisere tenesta på ein god måte.

I 2016 fekk legekontoret nytt EKG, 24-timars Blodtrykksmåling og Spirometri utstyr.

Legekontoret har fokus på føre-byggjande arbeid, der sjukepleiar på kontoret og legane har eit tett samarbeid. Sjukepleiar har oppfølging av pasientgrupper, dette avlastar legane noko. Dette er i tråd med den nye Primærhelsemeldinga som seier at vi må tenke nytt, og fleire yrkesgrupper inn på legekontor.

1.9.3 FYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta har fokus på: God funksjons- og mestringsevne for menneske med muskel-skelettlidelsar, nedsett funksjonsevne og funksjonshemminger. Fysioterapi er eit fagfelt som er tverrfagleg orientert, spesielt innan habilitering og rehabilitering.



Kommunens fysioterapiteneste er organisatorisk delt i to; Kommunalt tilsett fysioterapeut og privat-praktiserande fysioterapeut med driftsavtale.

Kommunefysioterapeuten gir tenester som omfattar førebyggjande tiltak og tenester til alle menneske med nedsett funksjonsevne som har behov for opptrenings, tverrfagleg rehabilitering og til rettelegging av sine omgjevnader. Ressursane er knytt til vurdering og behandling, helsefremmande og førebyggande arbeid, helsestasjon sine tenester, tilrettelegging av bustad og formidling av hjelpemiddel.

Ventetid etter skader og operasjonar har vore ca. ei veke. Det er mange pasientar med samansette behov, som treng oppfølging over lengre tid.

Tilrettelegging av bustad, oppfølging og formidling av tekniske hjelpemiddel har blitt gjennomført utan for lang ventetid. Det blir stadig fleire eldre med nedsett funksjonsevne, som bur heime, dette gir eit stort press på tenesta og fører til lengre ventetid for andre grupper.

Oppfølging av rehabiliteringspasientar på ÅPOS har vore prioritert og har hatt ei ventetid på 1-3 dagar.

Fysioterapeut har deltatt på treningsgruppe i samarbeid med psykisk helse og hatt førebyggande arbeid på helsestasjonen.

Viktig for 2017: Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid (spesielt skulehelsetenesta og psykisk helse hos barn og vaksne)

Folkehelseprofil Åmli kommune.

- Andelen barn (0-17 år) som bur i hushaldningar med låg inntekt er høgare enn gjennomsnittet i landet.
- Skule: Høgare frafall i videregående skole.
- Levevaner: Høgare antal overvektige
- Uføretrygda i alderen 18-44 år

Samla sett skaper desse faktorane utfordringar i folkehelsearbeidet, fysioterapitenesta og andre tjenester. Tilhøva understrekker viktigheten av forebyggjande arbeid.

1.9.4 INSTITUSJON - ÅPOS

I 2016 hadde vi 15 langtidsplasser og tre korttids- og rehabiliteringsplassar. Pr. 31.12.2017 var det seks langtidspasientar og fire korttidspasientar. I løpet av 2016 har vi hatt fleire inne på rehabiliteringsopphald som er kome heim til eigen bustad att.

Mål for 2016 har vore å ha ledig rom til ei kvar tid ved institusjonen, samt å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset til ei kvar tid. Dette har avdelingane klart.

1.9.5 SKJERMA AVDELING

Skjurma avdeling er ein tilrettelagt eining med seks pasientrom.

Avdelinga har i 2016 arbeidd med:

- Tillitsskapande tiltak rundt den enkelte pasient og individuell omsorg
- Fokus på kompetanseheving: Dei tilsette har deltatt på Abc perm psykisk helse eldre år, Basiskurs demens for fritt tilsette, hospitering ved andre demensavdelinger i andre kommunar.
- Avdelinga har fokus på utvikling av demensarbeidet
- Fokus på aktivitetar

Gjennomføring av fagmøte i avdelinga har vore viktig for å få alle som arbeider saman til å finne fram til gode løysningar, og for å kunne evaluere tiltak ofte i ei krevjande avdeling. Det er viktig at alle tilsette har lik forståing og arbeider så likt som mogleg rundt den enkelte pasient.

1.9.6 LANGTIDSAVDELING

Langtidsavdelinga har ni pasientrom. Der åtte er til langtidsplassar og ein til akuttrom, samt at avdelinga har ansvar for tre korttidsplassar.

Vi har i 2016 arbeidd med følgande fokusområde:

- Rehabilitering og korttidspasientar
- Gje god omsorg til døane pasientar og dei sine pårørande
- Gode pasientforløp
- Auke sjukepleiefagleg kompetanse
- Kompetansetiltak med fokus på demens, linderande omsorg og aktivitet i kvardagen
- Kommunen har klart å ta i mot alle pasientane frå sjukehuset til ei kvar tid

I 2017 vil fokus vere å ha rett bemanning til rett antal pasientar. Korttidspasientar som kjem rett frå sjukehuset er ofte dårlege og krev pleie og omsorg.

1.9.7 KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD



Kjøkken, vaskeri og reinhold er ei serviceeininger. Det at ÅPOS har eige kjøkkenet er positivt. Vi opplever at det er meir spesialkost hos pasientar både inne og ute. Eit tett samarbeid mellom avdelingane og kjøkkenet gjer at pasientar får den dietten dei treng. Fokus på god ernæring har vi oppnådd gode resultat på i 2016, samt gode rutiner på reinhold.

Vaskeri og reinhold samarbeider tatt med avdelingane og leverer gode tenester.

1.9.8 HEIMESJUKEPLEIE

Heimesjukepleia er viktig for at personar med nedsett funksjonsevne og omsorgsbehov kan bu heime i eigen bustad. I tillegg er heimehjelp og ambulerande vaktmeister, tryggleiksalarm og aktivitetstilbod til demente viktige tenester til heimbuande.

Heimesjukepleia leverer tenester til mange brukarar. Dagvakten er innom ca. 32-35 brukarar. Nokon har tilsyn fleire gonger pr vakt. Kveldsvaktene er innom 21-26 brukarar. Enkelte brukarar som har besøk opp til fire gonger på dag- og kveldsvakt. Nattvakten har ca sju brukarar, i nokre periodar fleire, og ofte tilsyn.

Heimesjukepleia opplev at det blir fleire krevande brukarar, og vi får fleire yngre brukarar i tenesta.

Fokusområder i 2016 har vore:

- Heimesjukepleia har kome godt i gang med førebyggjande/helsefremmande heimebesøk til dei over 78 år.
- Besøka er blitt tatt godt i mot hos dei eldre og pårørande. Vi ser at eldre i dag ofte er spreke og at dei ikkje treng tenester ennå.
- Vi har hatt stort fokus på «Gode pasientforløp» i kommunen for eldre og kronisk sjuke. Her er samspill mellom lege, fysioterapeut og heimesjukepleie viktig.

Fokuset sikrer at overgangen mellom dei ulike

tenestenivå blir gode. Vi har hatt fleire gode forløp av kvardagsrehabilitering.

- Kompetanseheving hos dei tilsette er prioritert i 2016. Vi gjennomfører internopplæring og eksterne kurs.
- Det er gjennomført opplæring for alle tilsette i Gode pasientforløp, TILT og IPLOS, samt bruk av elektriske hjelpemiddel. Opplæring og forventing til rolla som primærkontakt er gitt tilsette.
- Åmli kommune innførte Mobil Pleie i 2016 i heimesjukepleia, dette er eit verktøy som sikrar god oppfølging og dokumentasjon av den enkelte pasient.

Fokus i 2017 vil vere å vidareføre det gode arbeidet som pågår, samt betre det tverrfaglege samarbeidet med andre avdelingar.

1.9.9 HEIMHJELP – PRAKTIK BISTAND

